

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien – nestleiar, Thor
Hauknes - nestleiar, Kristian Hanto, Kjellbjørn Karsrud, Silje
Solberg, Thomas Nilssen, Ole Erik Feragen – 1.vara.

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes, dagleg leiar og Ingrid Stuhaug, dei tilsettes
representant.

Tid: Tysdag 14.mai kl.10-13

Stad: Våre lokalar på Schous

Referat

Styresak 2019/48 Innkalling og sakliste

Styresak 2019/49 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

Styresak 2019/50 Utgreiing om TONO

Styresak 2019/51 Møtekalender hausten 2019

Styresak 2019/52 Styret på LK og LF

Styresak 2019/53 Lokal arrangør av LF

Styresak 2019/54 Dextra Musica Rekrutteringsprosjekt – førebels drøfting

Styresak 2019/55 Eventuelt

Styresak 2019/48 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2019/49 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Presentasjon i styret og drøfting om på kva måte vi skal arbeide i perioden
- b) Driftsrapport
- c) Rekneskap (vert presentert i møtet)
- d) Orientering om medaljar til heidersmedlemmer
- e) Evaluering av landsmøtet 2019

Vedtak:

Styret tek orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering med desse merknadene:

- a) *Styret likar arbeidsforma dei no har, men vart samde om å nytte eventuelposten meir aktivt til å orientere om kva styremedlemmene har fanga opp skjer rundt om i landet.*
- b) *Ingen merknader.*
- c) *Ingen merknader*
- d) *Vi er i dialog med gullsmiden som laga medaljane til LFS, og dei vil komme med eit framlegg til design etter 17.mai. De kan levere før LK.*
- e) *Styret var i hovudsak godt nøgd med landsmøtet, men har desse innspela til neste gong:*
 - *Møtet bør vere i Oslo, og kombinerast med eit godt arrangement laurdags kveld på Riksscenen, gjerne ein dansefest.*
 - *Vi bør unngå å kollidere med landsmøtet til Noregs ungdomslag.*
 - *Vi bør involvere laga og medlemmene i forarbeidet til revidering av langtidsplan med særskilde satsingar.*

Styresak 2019/50 Utgreiing om TONO

Vedtak:

- a) *FolkOrg stiller seg bak utgreiinga om TONO og folkemusikken, og vil bidra økonomisk.*
- b) *FolkOrg stiller med dagleg leiar Linda Dyrnes i styringsgruppa*
- c) *FolkOrg stiller med ein representant frå TONO-arbeidsgruppa vår til referansegruppa.*

Styresak 2019/51 Møtekalender hausten 2019

Vedtak:

1. *Styremøte 2019/05 er sett til: 27.september på Lillehammer.*
2. *Styremøte 2019/06 er sett til: 9.-10.desember i Oslo.*

Styresak 2019/52 Styret på LK og LF

Vedtak:

Styret er representert med disse under Landskappleiken i Vågå:

1. Hilde Reitan
2. Camilla Granlien
3. Thor Hauknes
4. Silje Solberg
5. Thomas Nilssen
6. Kristian Hanto

Styret er representert med disse under Landsfestivalen i gammaldans i Kinsarvik:

1. Hilde Reitan
2. Thor Hauknes
3. Kjellbjørn Karsrud
4. Silje Solberg
5. Kristian Hanto

Styresak 2019/53 Lokal arrangør av LF

Saken vert utsett til etter 1.juni og vil bli handsama per e-post.

Styresak 2019/54 Dextra Musica Rekrutteringsprosjekt – førebels drøfting

Saken vert handsama per e-post så snart vi har rukke å førebu saken godt.

Styresak 2019/55 Eventuelt